

Vedlegg til Utgreiing Indre Agder kommunereform

Vedlegg 2: Funksjoner og arbeidsplassar i kommunane

Oppfølging frå styringsgruppemøtet 19.05.2015 sak 15/15 Vegen vidare
Prosjektgruppa vert bedt om å utarbeide eit forslag med mellom anna følgjande innhald:

- Administrativ desentralisert struktur inkl. organisasjonsmodell og jobbgaranti
- Definere arbeidsplassar «i spel» og høveleg fordeling av desse. Forslaget skal vere eit godt grunnlag for vidare grundig prosess i hovudprosjekt for konkret plassering av funksjonar. Prosjektgruppa kan evt. Gjerne skissere moglege alternativ plassering
- Skisse for gjennomføring av eit hovudprosjekt (organisering, ressursbruk, framdrift m.v.)

Det er lagt til grunn ein modelltenking der ein peiker på funksjoner og arbeidsområde, ikkje stilling og stillingsprosent. Kommunane legg til rette for jobbgaranti. Det er ikkje sett på interkommunalt samarbeid. Dette vil ein kome inn på i eit eventuelt hovudprosjekt.

Forslag til modell er eit grunnlag for vidare grundig prosess i hovudprosjekt for konkret plassering av funksjoner.

Definering av arbeidsplassar « i spel» og høveleg fordeling av desse

Utgangspunktet er at det er totalt 86 årsverk i «spel» fordelt på Evje og Hornnes 33 årsverk, Bygland kommune 22 årsverk og Åseral 31 årsverk.

Det er lagt inn eit effektiviseringspotensial på 23 prosent som eit snitt frå dag ein i den nye kommunen. Det inneber at det reelle talet er 65 årsverk «i spel».

Forslaget er eit minimum utgangspunkt for effektivisering. Den reelle prosentfordeling vert lagt til grunn uavhengig av endeleg effektiviseringspotensial.


I modellen er det lagt til grunn følgjande prosentfordeling mellom kommunane

	Evje og Hornnes	Bygland	Åseral
Prosentfordeling	32,5	27,5	40
Talet på arbeidsplasser fordelt mellom kommunane	21	18	26

Administrativ desentralisert struktur inkl. organisasjonsmodell

I organisering av den nye kommunen har prosjektgruppa lagt til grunn ein trenivå- modell.

Sentraladministrasjonen vert lagt til Evje og Hornnes kommune.



Vidare vil Evje og Hornnes kommune rådgjevar tilsvarande to årsverk. Til desse vil det ligge oppgåver som mellom anna oppfølging av beredskapsarbeid, systemarbeid og folkehelse. Evje og Hornnes vil ha ansvar for

- Service og politisk sekretariat (2 årsverk)
- NAV (5 årsverk)
- Vaksenopplæring og leiar velferd og integrering (4 årsverk)

Vedlegg til Utgreiing Indre Agder kommunereform

Grunngjeving: NAV og vaksenopplæring og leiar velferd og integrering vert lagt til Evje og Hornnes kommune grunna geografi og volum på tenesta.

Forslag til mogleg alternativ plassering av funksjonar.

Åseral kommune

Sentrale områder som Åseral kommune vil kunne ta ansvar for

- Servicetorg og arkiv
- Teknisk drift, plan og forvaltning, byggeleing og prosjektleing
- Friluftsliv
- Kulturleing
- Turisme
- Handsaming av søknader om tenester innan helse og omsorgsektoren

Grunngjeving:

Når det gjeld turisme og friluftsliv har Åseral det største behov for desse tenestane på grunn av sine store hyttefelt. Kommunane har likeverdig erfaringsgrunnlag og kompetanse på dei andre områda, og av omsyn til fordeling så vert det foreslått at desse vert plassert i Åseral.

Bygland kommune

- Regnskapsfunksjoner
- Lønn
- Fakturering og innfordring
- Landbruk og miljø
- Personal
- HMS
- Kommuneoverlege

Grunngjeving:

Bygland kommune har kommuneoverlege i dag. Kommunane har likeverdig erfaringsgrunnlag og kompetanse på dei andre områda. Av omsyn til fordeling av arbeidsplassar mellom kommunane vert det foreslått at desse vert plassert i Bygland.

Interkommunale tenester

Det er ikkje foreslått områder som er organisert som interkommunalt samarbeid i dei tre kommunane i dag. Det er det naturleg å gjennomføre grundig prosess på i eit hovudprosjekt.

Skisse til gjennomføring av hovudprosjekt Indre Agder kommunereform

Mål (frå kapittel 3.2. i Utgreiing Indre Agder kommunereform)

Mål for hovudprosjekt Indre Agder kommunereform er

- Å leggje til rette for utvikling over alt når det gjeld busetting, arbeidsplassar og å skape gode bumiljø for innbyggjarane i dei tre kommunane.
- Oppretthalde og vidareutvikle regionsenteret som ein motor for å styrke distrikta rundt
- Effektive prosessar for avgjerd og oppgåveløysing
- Vidareutvikle arbeidsplassar, offentlege og private, og leggje til rette for eit godt tenestetilbod til innbyggjarane
- Legge til rette for fagleg rekruttering, gode fagmiljø og eit føreseieleg tenestetilbod
- Sikre sysselsetting og utvikling av arbeidsplassar for å møte framtidig utfordringsbilete
- Sikre kommunale forvaltningsarbeidsplassar med ei funksjonsfordeling

Mandat

Mandat for hovudprosjektet er å utgreie

- Geografisk plassering og funksjonsfordeling (støttefunksjonar og spesialistfunksjonar) i forhold til sentraladministrasjonen, politisk leing og dagens 3 rådhus med prosess og rammer for arbeidet.

Vedlegg til Utgreiing Indre Agder kommunereform

Utgangspunkt er rolla som tenesteytar, utøving av mynde og demokratisk arena sett utifrå ekspertutvalet sine kriterium.

- Rolla som samfunnsutviklar utifrå kriterium frå ekspertutvalet med fokus på positiv utvikling av lokalsamfunnet og storsamfunnet, innovasjon, næringsfond, næringsutvikling og infrastruktur.
- Interkommunale samarbeid; kva skal vidareførast, endrast, opphøra sett i frå rolla som tenesteytar og kriterium frå ekspertutvalet.
- Økonomiske bærekraftige driftsnivå over tid (harmonisering av driftsnivå).
- Strategi for bygging av den nye kommunen i tråd med mål for Indre Agder kommunereform

Formål med hovudprosjektet er å utvikle ein modell for kommunesamanslåing som sikrar behovet for administrative og politiske rammer, nedfelt i ein grunnleggjande avtale, rundt ein større kommune. Modellen må sikre kulturelle og politiske tradisjonar de eksisterande kommunane er uttrykk for. Hovudprosjektet må ta sikte på å avklare balansen mellom sentral og desentral tenesteproduksjon, og korleis det folkevalde styringsnivå skal forankrast i dei eksisterande kommunane. Vidare presentere ei økonomisk fordeling som tek vare på dei eksisterande kommunane og den nye kommunens interesser. Føresetnader for hovudprosjekt Indre Agder kommunereform ligg i Utgreiing Indre Agder kommunereform.

Organisering av hovudprosjektet

Hovudprosjektet vert organisert med følgjande nivå, deltakarar og aktiviteter:

- Styringsgruppe
- Prosjektgruppe

Det er opp til den enkelte kommune å gjennomføre folkemøter, møte med tilsette og innbyggjarhøring. Dette er ikkje ein konkret del av hovudprosjektet.

Styringsgruppe:

Medlemmer:

- Politisk representasjon: formannskapet i kvar kommune deltek
- Rådmenn og prosjektsekretær
- 1 tillitsvald for dei tilsette frå kvar kommune
- Representant frå Fylkesmannen (observatørstatus med talerett)
- Representant frå KS- Agder (observatørstatus med talerett)

Prosjektgruppe

Medlemmer:

- Rådmenn i dei kommunane som deltek i hovudprosjektet
- 1 representant frå dei tillitsvalde
- Prosjektsekretær

Prosjektleiar: Rådmann i Evje og Hornes kommune.

Prosjektgruppa kan i tillegg trekke inn ressurspersoner frå kommunane etter behov.

Økonomi

Kostnadsramme for hovudprosjekt kr.1.000.000

Kostnadsfordeling

- Prosjektleiar 20 % stillingsressurs
- Prosjektsekretær 20 % stillingsressurs
- Diverse arbeidsgrupper i utgreiingsarbeidet – 20 % stillingsressurs
- Kostnader til eksterne kjøp, drift, møtgodtgjersle politikarar – 40 % av kostnadane
- Ekstra administrative kostnader kr.200.000

Framdriftsplan for hovudprosjektet

Tid	Innhald	ansvar
Innan 01.09.2015	Møte med styringsgruppe til konstituerande møte og utarbeiding av framdriftsplan; fasar og avgjerd	Prosjektleiar innkallar
September	Møte prosjektgruppe for konkretisering av mandat og framdriftspl	Prosjektleiar innkallar
Oktober – april	Prosjektgruppa arbeidar med hovudprosjektet Møter i styringsgruppe i tråd med framdriftsplan	Prosjektleiar
Innan 01.05.2016	Prosjektgruppa legg fram rapport hovudprosjekt for styringsgruppa	Prosjektgruppe
Innan	Styringsgruppa handsamar rapport hovudprosjekt	Styringsgruppe

Vedlegg til Utgreiing Indre Agder kommunereform

15.05.2016		
Juni 2016	Vedtak om kommunesamanslåing kommunestyret i kvar av dei tre kommunane	Rådmann i kvar kommune
Innan 01.07.2016	Kommunale vedtak om kommunesamanslåing vert sendt til Fylkesmannen	Rådmann i kvar kommune